

Tilskotsordning for opplæring i norsk, norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak 2018

1. Innleiing

Det opphavlege regelverket er fastsett av Justis- og beredskapsdepartementet 19. desember 2017, med grunnlag i Stortinget sitt budsjettvedtak av 18. desember 2017 og Prop. 1 S (2017-2018) kap. 497, post 60. Revidert regelverk er fastsett av Kunnskapsdepartementet 4. september 2018, med grunnlag i Stortinget sitt budsjettvedtak av 15. juni 2018 og Prop. 85 S (2017-2018), Innst. 400 S (2017-2018).

Tilskotsordninga inneheld tilskot til opplæring i norsk (asylnorsktilskot) og tilskot til opplæring i norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak (kulturtilskot).

IMDi forvaltar tilskotsordningane og kunngjer regelverket i eige rundskriv på si nettside.

2. Mål for ordningane

2.1. Hovudmål

Målet med tilskotsordningane er at vertskommunar for mottak tilbyr opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdier til asylsøkarar.

Målet med norskopplæringa for asylsøkarar i mottak er at asylsøkarar skal tileigne seg basisdugleik i norsk slik at dei kan kommunisere på enkel norsk i mottak og i lokalmiljøet. Opplæringa skal medverke til at opphaldet i mottak får eit positivt innhald og skal støtte opp om integreringa av dei som seinare får opphaldsløyve i landet.

Målet med opplæringa i norsk kultur og norske verdier for asylsøkarar i mottak er å gi asylsøkarar ein tidleg introduksjon til norske lover, reglar, verdier, omgangsformer og kultur i vid forstand. Opplæringa skal medverke til større innsikt i, og betre forståing av, norske samfunnsforhold gjennom kunnskapsbasert dialog og refleksjon.

2.2. Målgruppe

Målgruppa for tilskotsordningane er endra frå 1. september 2018. I rundskrivet følgjer ei skildring av målgruppene før og etter 1. september 2018. Det presiserast at kva målgruppe den einkilde asylsøkaren er i, er avhengig av registreringstidspunktet i mottaket. Opplæring for personar som kom inn i målgruppa før 1. september 2018, og som ikkje lenger er ein del av målgruppa etter 1. september, må fullføre innan 31. desember 2018.

2.2.1. Målgruppe før 1. september 2018

Asylsøkarar over 16 år, som ikkje har fått endeleg vedtak om opphald- eller arbeidsløyve, og som bur i ordinært mottak, integreringsmottak eller i eit tilpassa butilbod i ei kommune etter avtale med Utlendingsdirektoratet (UDI) (alternativ mottaksplassering).

Følgande grupper er likevel ikkje i målgruppa:

- Asylsøkarar som er omfatta av 48-timers-prosedyra.

- Asylsøkarar over 18 år som er omfatta av Dublin-prosedyren (også mogleg Dublin-prosedyre).
- Asylsøkarar som har fått avslag frå Utlendingsnemnda (UNE).
- Asylsøkarar som har fått avslag frå Utlendingsdirektoratet (UDI) og kor UDI eller UNE ikkje har utsett iverksetting av vedtaket, slik at utlendingen må forlate Norge før klagebehandlinga i UNE er ferdig.
- Asylsøkarar som har fått avslag frå UDI og som ikkje har påklaga vedtaket slik at UDI sitt vedtak er endeleg.

Asylsøkarar som vert haldne tilbake i transittmottak på grunn av helsemessige årsakar (for utgreiing og/eller behandling), er likevel i målgruppa. Det same gjeld asylsøkarar mellom 16-18 år som er omfatta av Dublin-prosedyren (og mogleg Dublin-prosedyre).

2.2.2. Målgruppe etter 1. september 2018

Asylsøkarar over 16 år som bor i mottak og er registrert inn i mottaket etter 1. september 2018, jf. introduksjonslova § 20 a 1. ledd.

Med «mottak» meiner ein ordinært mottak, integreringsmottak eller i tilpassa butilbod i ei kommune etter avtale med Utlendingsdirektoratet (alternativ mottaksplassering).

Følgande grupper er ikkje i målgruppa, jf. introduksjonslova § 20 1. ledd 2. punktum: Asylsøkarar over 16 år

- Asylsøkarar som er omfatta av 48-timers-prosedyren.
- Asylsøkarar som er omfatta av Dublin-prosedyren.
- Asylsøkarar som har vorte nekta realitetsbehandling av søknad om opphaldsløyve.
- Asylsøkarar som har fått vedtak av UDI om avslag eller innvilga søknad om opphaldsløyve.

3. Tildelingskriterium

3.1. Inngangskriterium

Tilskotet vert utbetalt til vertskommunar for mottak for asylsøkarar som er i målgruppa før 1. september 2018, dersom kommunane har registrert i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) at kommunen gir tilbod om opplæring. For asylsøkarar som kjem inn i målgruppa for tilskot etter 1. september 2018, vert tilskotet utbetalt automatisk.

3.2. Vurderingskriterium

For asylsøkarar som kom inn i målgruppa for tilskot før 1. september 2018 er det frivillig for kommunen å gi tilbod om opplæring, og kommunen kan velje å gi tilbod om opplæring i norsk og/eller opplæring i norsk kultur og norske verdiar. For at tilskotet skal verte utbetalt, må kommunen ha registrert i NIR at kommunen gir tilbod om opplæring. Dersom kommunen har registrert i NIR at dei gir tilbod om opplæring, og dermed tek imot tilskot, er kommunen pliktig å tilby opplæringa til alle i målgruppa. Opplæringa for personar i denne målgruppa må vere fullført innan 31. desember 2018.

Kommunen har plikt til å sørge for opplæring til asylsøkarar som kjem inn i målgruppa for tilskot etter 1. september 2018. Kommunen treng difor ikkje å utføre registrering i NIR for at tilskotet skal verte utbetalt.

Dersom kommunen meiner å ha krav på tilskot for asylsøkerar som ikkje er registrert i NIR, kan kommunen melde frå om dette til IMDi via Kontaktsenter for IMDinett.

3.3. Utbetaling av tilskot

Tilskot utbetalast ein gong per person som er i målgruppa for tilskot. Sats for opplæring i norsk er 13 300 kroner. Sats for opplæring i norsk kultur og norske verdiar er 3 800 kroner. Tilskota vert utbetalt kvartalet etter at personen er komen inn i målgruppa.

Tilskota vert utbetalt medio mai, medio august og medio november. For personar som kjem inn i målgruppa i 4. kvartal 2018, vil tilskot verte utbetalt medio februar 2019. Tabellen nedanfor viser utbetalingane av tilskot til norsk (asylnorsktilskot), norsk kultur og norske verdiar (kulturtilskot) i 2018:

Utbetalingsdato	Utbetalinga gjeld
15. mai 2018	Nye personar i målgruppa 1.1.-31.3.2018
15. august 2018	Nye personar i målgruppa 1.4-30.6.2018
15. november 2018	Nye personar i målgruppa 1.7-30.9.2018
15. februar 2019	Nye personar i målgruppa 1.10-31.12.2018

Etter utbetaling av tilskot, sender IMDi tilskotsbrev til kommunane sine elektroniske postmottak. Kommunane kan også sjå detaljerte opplysningar om utbetalte tilskot i NIR.

3.4. Deling av tilskot mellom kommunar ved flytting

Dersom personar som er i målgruppa for tilskota flytter til eit mottak i ei anna kommune i tilskotsåret, vil tilskotet automatisk delast likt mellom frå- og tilflyttingskommunen. Ein føresetnad for delinga er at tilflyttingskommunen har registrert i NIR at kommunen gir tilbod om opplæring. Delinga skjer berre ein gong.

Deling av tilskot skjer saman med utbetaling av tilskot for nye personar i målgruppa. Deling av tilskot skjer i kvartalet etter at flyttinga er registrert i NIR.

4. Særleg om norskopplæring for asylsøkarar i mottak

4.1. Omfang

Asylsøkarar som er i målgruppa for opplæring, skal få inntil 175 timar norskopplæring.

Asylsøkarar som kom inn i målgruppa for opplæring før 1. september 2018 har ingen lovfesta rett og plikt til opplæring, men dersom kommunen har registrert i NIR at dei gir tilbod om opplæring, må kommunen sørge for at alle i målgruppa får tilbod om norskopplæring. Opplæring for personar i målgruppa må vere fullført innan 31. desember 2018.

Asylsøkarar som kom inn i målgruppa for opplæring etter 1. september 2018 har plikt til å delta i opplæringa. Kommunen har ansvar for å gi opplæring så snart som mogleg etter at asylsøkaren i målgruppa er registrert i eit mottak i kommunen, jf. introduksjonslova §20 a.

4.2. Fritak frå plikt

For asylsøkarar som kjem inn i målgruppa for opplæring etter 1. september 2018, kan kommunen gi fritak frå plikt til deltaking i opplæring i norsk jf. introduksjonslova § 20 a 2. og 3. ledd. I slike tilfelle vil tilskot likevel verte utbetalt.

4.3. Innhald

Opplæringa skal følgje læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar (F18.04.2012 nr. 358). Dette skal medverke til kontinuitet i opplæringa for dei som får opphaldsløyve og får rett og plikt, eller berre rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap etter introduksjonslova.

4.4. Organisering

Opplæringa skal vere gratis for både deltakaren og asylmottaket. Det er asylmottaket som er ansvarleg for å organisere skyss til og frå opplæringa, noko som inneber å dekke eventuelle utgifter til og frå opplæringa, irekna reiseutgifter til og frå opplæringsstaden. Norskopplæringa for asylsøkarar bør organiserast saman med norskopplæring for vaksne innvandrarar. Asylmottaket skal gi kommunen informasjon som er nødvendig for planlegging og gjennomføring av opplæringa.

Kommunen skal i samarbeid med asylmottaket gi asylsøkarar tilbod om norskopplæring så snart som mogleg etter at dei har kome til mottaket. Opplæringa bør organiserast slik at asylsøkaren får moglegheit til å gjennomføre 175 timar med norskopplæring før endeleg vedtak om opphald.

4.5. Avsluttande prøve

Asylsøkarar i målgruppa for norskopplæring i mottak kan ta avsluttande prøve i norsk. Dei kan ta norskprøva gratis ein gong.

5. Særleg om norsk kultur og norske verdiar – opplæring for asylsøkarar

5.1. Omfang

Asylsøkarar som er i målgruppa for ordninga, skal få 50 timar opplæring i norsk kultur og norske verdiar.

Asylsøkarar som kom inn i målgruppa for opplæring før 1. september 2018 har ingen lovfesta rett og plikt til opplæring, men dersom kommunen har registrert i NIR at dei gir tilbod om opplæring i norsk kultur og norske verdiar, må kommunen sørge for at alle i målgruppa får tilbod om opplæring. Opplæring for denne gruppa må vere fullført innan 31. desember 2018.

Asylsøkarar som kjem inn i målgruppa for opplæring etter 1. september 2018, har plikt til å delta i opplæringa i norsk kultur og norske verdiar. Kommunen har ansvar for å gi opplæring så snart som mogleg etter at asylsøkarar i målgruppa er registrert i eit mottak i kommunen, jf. introduksjonslova §20 a.

5.2. Fritak frå plikt

For asylsøkarar som kjem inn i målgruppa for opplæring etter 1. september 2018, kan kommunen gi fritak frå plikt til deltaking i opplæring i norsk kultur og norske verdiar jf. introduksjonslova § 20 a 2. ledd. I slike tilfelle vil tilskot likevel verte utbetalt.

5.3. Innhald

Opplæringa skal følgje innhaldsskildringa for "Norsk kultur og norske verdiar - opplæring for asylsøkarar" samt tilhøyrande presentasjonar av emna som er utarbeida av Kompetanse Norge.

5.4. Organisering

Opplæringa skal vere gratis for både deltakaren og asylmottaket. Det er asylmottaket som er ansvarleg for å organisere skyss til og frå opplæringa, noko som inneber å dekke eventuelle utgifter til og frå opplæringa, irekna reiseutgifter til og frå opplæringsstaden. Norskopplæringa for asylsøkarar bør organiserast saman med norskopplæring for vaksne innvandrarar. Asylmottaket skal gi kommunen informasjon som er nødvendig for planlegging og gjennomføring av opplæringa.

Opplæringa i norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak skal gå føre seg på eit språk deltakaren forstår, men ikkje nødvendigvis på morsmålet til vedkomande.

Dei tospråklege lærarane må ha god innsikt i norsk kultur og norske verdiar, og undervisninga må skje under rettleiing av ein opplæringsstad.

Kommunane skal i samarbeid med asylmottaket gi asylsøkaren tilbod om opplæring så snart som mogleg etter at dei har kome til mottaket. Kommunane vert oppmoda til å gi alle asylsøkarar i målgruppa moglegheit

til å fullføre opplæringa, sjølv om dei har fått endeleg vedtak om opphald, så framti dei framleis bur i ordinært mottak eller integreringsmottak.

6. Kunngjering

Tilskotsordninga kunngjerast på IMDi si nettside for tilskotsordninga, og på departementet si nettside for tilskotsordningar.

7. Oppfølging og kontroll

7.1 Rapporteringskrav

Opplysningar som er naudsynte for å gjennomføre opplæringa i asylmottak, følgje opp og evaluere ordningane, skal registrerast av kommunane i Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) jf. introduksjonslova § 25. I forskrift om Nasjonalt introduksjonsregister (NIR) er det fastsett kva for opplysningar kommunen skal registrere, og kommunane skal innan to månadar registrere desse opplysningane.

Kommunane skal ikkje leggje fram særskild rekneskap for tilskot til norskopplæring i norsk og opplæring i norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak. Dersom kommunane gjennomfører opplæring til ein lågare kostnad enn det tilskotet dei har motteke, kan kommunane halde på tilskotet.

7.2 Kontroll

Dersom tilskot til opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak er utbetalt på feilaktig grunnlag, vil det etter ei konkret vurdering kunne verte aktuelt å krevje tilbake det tilskotet som er utbetalt. Dette gjeld til dømes dersom ei kommune har registrert i NIR at dei gir tilbod om opplæring, men ikkje registrerer timar på personar i målgruppa fordi timane ikkje er gitt.

IMDi og Riksrevisjonen kan setje i gang kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadane jf. bevilgningsreglementet § 10, 2. ledd og riksrevisjonslova § 12, 3. ledd.

8. Foreldingsfrist

Den alminnelege foreldingsfristen er tre år rekna frå den dagen kommunen har rett til å krevje å få tilskotet, eller frå det tidspunktet kommunen tidlegast har rett til å krevje tilskotet utbetalt, jf. foreldelseslova §§ 2 og 3.

9. Klagehøve

Tildeling av tilskot og krav om tilbakebetaling av tilskot til opplæring i norsk og norsk kultur og norske verdiar for asylsøkarar i mottak, er ikkje å rekne som enkeltvedtak i samsvar med forvaltningslova (fvl.) § 2, 1. ledd bokstav b. Kommunane har difor ikkje klagehøve på korkje tildeling eller krav om tilbakebetaling av tilskot jf. fvl. §§ 3, 1. ledd og 28. Elles gjeld forvaltningslova sine saksbehandlingsreglar.

Kommunane kan likevel kontakte IMDi via Kontaktsenter for IMDinett dersom dei har spørsmål om utbetalt/ikkje utbetalt tilskot.

10. Kontakt oss

Spørsmål angåande tilskotsordninga skal bli meldt til Kontaktsenter for IMDinett. Kommunen kan sjølv, ved kommuneadministrativ brukar, opprette brukarar for tilgang til IMDinett.

Spørsmål om organisering av opplæringa og innhaldet i ordningane kan rettast til Kompetanse Norge.

Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Ragnhild Dugstad
avdelingsdirektør

Henrik Cafer Cenar
økonomi- og tilskotssjef